

Norske talord i samisk tale i Guovdageaidnu

Av Nils Dannemark

Artikkelen tek for seg bruk av norske tal når det dominante språket i diskursen er nordsamisk. Informantane høyrer alle heime i Guovdageaidnu, og har nordsamisk som fyrstespråk. Materialet som er analysert, er samla inn med hjelp av eit skjema som inneheld setningar med talord. Kvar setning er oppgjeven med talord både på norsk og nordsamisk. Informantane har så kryssa av for i kor stor grad dei meiner dei utvalde setningane og tilsvarende setningar som dømesetningane er akseptable, kor ofte dei nyttar slike setningar, og kor ofte dei har høyrte andre nytte dei. Det viser seg at det er skilnad på kor akseptable informantane finn dei ulike setningane. Artikkelen drøftar materialet i ei kognitiv ramme med vekt på Langackers domeneomgrep. Det er klar skilnad på korleis bruk av norske talord blir vurdert ut frå kva domene talordet seier noko om.

1 Innleiing

I Guovdageaidnu¹ er samisk det dominerande språket. Dannemark (2010) har ein gjennomgang av kjeldemateriale som fortel om bruken av språk i bygda, og konklusjonen er: “Det ser alt i alt ut til at det som finst av kjeldemateriale, klart viser at samisk² er majoritetsspråket i Guovdageaidnu, og at det har vore det så langt tilbake som vi har opplysningar om” (Dannemark 2010: 19). I ei spørjeundersøking som vart gjennomført mellom ungdomsskoleelevar i 1998/99, svara 93,3 % at dei nyttar samisk som einaste eller eitt av to eller fleire språk saman med kameratar (Dannemark og Johansen 2001: 50f.). Samisk er det dominerande språket, men dei aller fleste i Guovdageaidnu meistrar også norsk så godt at

1. Offisiell norsk form er *Kautokeino*. I denne artikkelen nyttar eg samiske stadnamn i nordsamisk form.
2. ‘Samisk’ tyder her ‘nordsamisk slik det blir nytta i Guovdageaidnu’. Eg kjem til å nytte nemninga slik også i denne artikkelen. Nemninga ‘nordsamisk’ blir nytta når det eg seier noko om nordsamisk grammatikk som ikkje gjeld andre samiske språk.

dei kan nytte språket til å kommunisere med norskspråklege i alle situasjonar. Nils Øivind Helander seier: “Nowadays most Sami-speaking people are bilingual meaning that they also master either Finnish, Norwegian, Swedish or Russian. In the border areas many people are trilingual” (Helander 1997: 151). I tospråklege område er det ikkje uvanleg at dei som kan begge språk, nyttar drag frå eitt av språka også når det andre språket er det dominante språket i diskursen. I Guovdageaidnu kan ein t.d. høyre samiskspråklege nytte norske tal når det dominante språket i diskursen er samisk. Eg drøftar i denne artikkelen om det er heilt tilfeldig når norske tal blir nytta, eller om ein kan sjå eit mønster for når samiske tal blir nytta og når norske tal blir nytta når det dominante språket i diskursen er samisk. Det har vore forska litt på korleis norsk kan ha påverka samisk (Sollid 2005: 11, Dannemark 2010: 59f.), men det har så vidt eg kjenner til, ikkje i det heile vore undersøkt korleis norske ord blir nytta i samisk. Eg har valt å sjå på talord av di dei har ulike konseptuelle innhald og av di dei blir nytta i ulike sosiale kontekstar.

2 Talord

Talord har vore rekna som ei eiga ordklasse sidan 1700-talet (Vinje 1970: 181), og har i tradisjonell skolegrammatikk oftast vorte “definert etter innholdet” (Vinje 1970: 183). Ein har rekna med to grupper talord, ‘grunntal’ som “angir et bestemt antall” (Golden et al. 1988: 54) og ‘ordenstal’ som blir nytta “for å fortelle hvilket nummer noe eller noen har i en rekke” (Golden et al. 1988: 54). I tradisjonelle norske grammatikkar har desse to typane anten vore definerte semantisk som i Golden et al. eller ved oppramsing (sjå t.d. Berulfsen 1970: 34f.).

Også andre ord enn grunntal og ordenstal blir nytta for å gje opp mengder. I Nickel 1994 blir nemninga *tallord* nytta slik:

Samisk har som norsk både *grunntall* og *ordenstall*. Dessuten finnes såkalte *samlingstall* som oppgir hvor mange *personer* det er, for eksempel Sii ledje *golmmas*. De var tre personer. Tallordene kan videre deles inn i:

- *Nøyaktige tall* som kan skrives med siffer, f.eks. *gubtta* ‘6’.
- *Omtrentlige og spørrende tall*, f.eks. *mánnga* (mange) og ‘*galle*’ hvor mange’. (Nickel 1994: 84)

Faarlund et al. (1997: 23) nyttar nemninga ‘kvantor’ om “en ganske uensartet gruppe mengdesord (...) [som]tradisjonelt [har] vært kalt ‘ubestemte pronomen’ (*alle, noen, ingen, hver, annen*) eller ‘tallord’ eller ‘ubestemt artikkel’ (*en*)” og reknar kvantorar som ei undergruppe i den ordklassa dei kallar ‘determinativ’. På same viset som Nickel, samlar altså Faarlund et al. mengdesord som i tradisjonell norsk skulegrammatikk har vore rekna til ulike ordklassar, i same gruppe. Som Nickel reknar dei alle desse orda som tilhøyrande same ordklasse. Talorda kan på same vis som adjektiv stå føre eit substantiv, og Nickel reknar eksakte og omtrentlege talord som adjektiv. Nickel reknar adjektiva som ei undergruppe av nomen. Ordenstala reknar også Faarlund et al. (1997: 27) som adjektiv.

I denne artikkelen kjem eg til å sjå berre på grunntal og ordenstal og ikkje dei talorda Nickel kallar “omtrentlige og spørrende tall” (1994: 84). Eg kjem ikkje til å nytte nemninga ‘kvantorar’ ettersom eg berre ser på ei gruppe kvantorar. Også Faarlund et al. nyttar nemninga *tallord* (1997: 339) i eit tilfelle der dei skriv om noko som berre gjeld for denne gruppa og ikkje for kvantorar generelt. Dei definerer ikkje kva dei meiner med talord, men ut frå døma som er gitt, ser det ut til at dei meiner grunntal. I denne artikkelen kjem eg etter dette til å nytte nemninga ‘talord’ som ei samnemning for grunntal og ordenstal.

Også morfologisk er talord ei ueinsarta gruppe i mange språk. I bokmål og nynorsk kan berre eitt av talorda bøyast i kjønn, talet *ein*. I nordsamisk blir enkle talord bøyde “som substantiv, med nogen avvikelser” (Nielsen 1926: 105). Også syntaktisk kan talord oppføre seg spesielt. I nordsamisk står substantivet i ein nominalfrase som er sammansett av talord, både det Nickel kallar *omtrentlige* og *eksakte* talord, og eit substantiv, i singularis genitiv. Dette skil talorda i nordsamisk frå adjektiv.

Talord utgjer altså ei ueinsarta gruppe i mange språk, både morfologisk og syntaktisk, og det finst argument for å rekne dei til ulike ordklassar. Tal uttrykkjer ei forståing av røyndomen og talord blir nytta til å uttrykkje ulike kognitive konsept. Også på dette området er det stor variasjon. Warnke og Schmidt-Brücken (2012: 195) konkluderer slik etter at dei har sett på korleis ein kan klassifisere talord og kva talord blir nytta til å uttrykkje: “Wir können also festhalten, dass der kategoriellen Vagheit von Numeralien ihre Denotationsvielfalt und ihr differenzierter

Bezug auf kognitive Konzepte der Quantifikation entspricht”.³ Konseptuelt innhald må få ei form for å kunne uttrykkje meining (Langacker 2008: 44). Langacker nyttar termen *domain* ‘domene’ for å referere til det innhaldet som skal ikledast ei form (Langacker 2008: 44). Langacker definerer termen ‘domene’ vidt, og seier at all form for oppfatning av røyndomen og alle erfaringsområde kan reknast som domene. Også kjennskap til kulturell praksis reknar han som domene. Langacker opererer ikkje med ei fast mengd av domene, men seier at det er avhengig av kva vi skal undersøkje kor mange og kva for domene vi opererer med (Langacker 2008: 44). Det som er viktig, er å sjå at eit konseptuelt innhald er samansett og mangesidig, og altså bygt opp av ulike domene. Eit uttrykk er samansett av ulike domene, og ei slik samling av domene som definerer eit uttrykk, kallar han *matrix* ‘matrise’ (Langacker 2008: 44). Ein går ut frå at det er ein samanheng mellom språklege uttrykk og ei konseptuell forståing av røyndomen, og språkleg form kan derfor definerast ut frå konseptuell forståing.

Wiese (1997) analyserer den strukturen talkonstruksjonar har, og det ho kallar “ihre konzeptuellen Bezugspunkte” (Wiese 1997: 16), altså dei konseptuelle referansepunkta strukturen viser til. Wiese reknar ikkje konseptuelle einingar som ei attgjeving av røyndomen, men meir som ei oppfatning og modellering av røyndomen (Wiese 1997: 23f.). Ei slik oppfatning og modellering av røyndomen slår så igjennom i språket og får et språkleg uttrykk (Wiese 1997: 24). Wiese reknar med fire konseptuelle strukturar som kan representerast med tal: 1) *Anzahl* ‘tal, mengd’, 2) *Maß* ‘mål’, 3) *Rang* ‘rang’ og 4) *Nummer* ‘nummer’. I begge dei to fyrste strukturane er taltilvisinga kvantitativ, og kardinaltal kan nyttast for å gje slike strukturar språkleg uttrykk. Begge desse konseptuelle strukturane blir rekna som måling i moderne måleteori (Wiese 1997: 33). I det fyrste tilfellet uttrykkjer talet kor mange element av ein viss type det er snakk om, t.d. “Vi har mista 53 dyr i år”. I det andre tilfellet seier talet noko om eit forhold mellom det nomenet talet står til, og ein definert dimensjon, t.d. “Boka kostar 25 kroner”. I det tredje tilfellet er talordet eit ordenstal og blir nytta for å gje plassen til eit objekt i ei rekkje, t.d. “Eg kjem med det *andre* toget”. I det fjerde tilfellet blir eit tal nytta for å identifisere eit

3. Vi kan altså konstatere at det denotasjonsmangfaldet og den differensierte referansen til kognitive konsept ved kvantifisering som vi finn ved talorda, svarar til ein kategoriell vagleik ved dei same orda. (Mi oms.)

spesielt objekt, og denne identifiseringa er konstant. Dette gjeld t.d. årstal og datoar. Dette kallar eg 'utpeiking' seinare i artikkelen.

Alle desse fire tilfella blir i *die Represäsentationstheorie der Messung* 'representasjonsteorien om måling' rekna som måling (Wiese 33f.) ettersom alle meiningsfulle taltilvisingar blir rekna som måling i denne teorien. Wiese seier at berre tilfelle 2 er det vi intuitivt oppfattar som måling, og det er altså skilnad på korleis termen 'måling' blir nytta i denne teorien og korleis termen blir nytta i daglegspråket. Tilfelle 2 kallar Wiese *Messung i. e. S.* 'måling i eigenleg forstand'.

3 Kodeveksling og transfer

Hansen-Jaax (1995: 2) forklarar skilnaden mellom kodeveksel og transfer slik:

Kodewechsel wird als die alternative Verwendung der Kontaktsprachen innerhalb eines Diskurses definiert, während Transfer als ein integrierendes bilinguales Verfahren angesehen wird, bei dem Elemente aus Sprache A in die Struktur der Sprache B eingebettet werden.⁴

Oppfattar språkbrukarane det å nytte norske tal som ein naturleg del av samisk, eller oppfattar dei slike setningar som uakseptable, og vil det i så fall seia at dei klart oppfattar noko som framandt i desse setningane? Dersom språkbrukarane oppfattar slike setningar som klart avvikande, kan dette tyde på at dei har ei kjensle av at elementa ikkje er integrerte i samisk, og at det er klart framandt språkstoff som blir nytta medan det dominante språket er samisk. Element som ikkje er integrerte, blir kalla kodeveksling, medan element som er integrerte, blir kalla transfer. Dersom språkbrukaren oppfattar ei setning i ein diskurs der språk A er det dominante språket, med eit element som kjem frå B som akseptabel, kan dette tyde på at dei meiner elementet er integrert i språk A, og at dei meiner elementet såleis ikkje viser ei veksling mellom språk A og språk B, men at elementet er blitt ein del av A.

4. Kodeveksling blir definert som vekslande bruk av kontaktspråka i ein diskurs, medan transfer blir sett på som ei integrerande bilingval åtferd der element frå språk A blir innordna i strukturen til språk B. (Mi oms.)

Skiljelina mellom kva som er ein integrert del av språket og kva som er element frå eit anna språk som blir nytta som innskot i S1, er ikkje alltid lett å dra opp. Hansen-Jaax (1995) undersøker korleis ein del nordtysk ungdom vekslar mellom dei to språka *Niederdeutsch* ('lågtyisk') og *Hochdeutsch* ('høgtysk'). Lågtyisk er det tyske språket som tradisjonelt har vore nytta nord i det tyske språkområdet, medan høgtysk har vore nytta i sørlege område. Tidlegare var lågtysk nytta som skriftspråk og talespråk også i kyrkje, statsstyring og handelsliv (Meyer 1921: 29) og vart snakka og skrive av hansakjøpmenn i alle hansabyane. I første halvta av 1500-talet tok høgtysk til å bli nytta også i område der lågtysk hadde vore nytta tidlegare, og etter reformasjonen vart høgtysk etter kvart einerådande som skriftmål (Meyer 1921: 29f.). Lågtyisk forsvann altså som skriftmål, men heldt seg som talemål. Det finst i dag ikkje nokon som berre snakkar lågtysk. Alle som snakkar lågtysk, snakkar også høgtysk (Hansen-Jaax 1995: 1). Lågtyisk førekjem i dag berre som "Low-Varietät in Sprachgemeinschaften mit diglossischer Sprachenverteilung (...) und verfügt nicht über eine einzelsprachliche Norm"⁵ (Hansen-Jaax 1995: 1). Lågtyisk og høgtysk har mange morfem som er identiske eller kvasiidentiske, det Haugen (1956: 46f.) kallar *homophone* og *homolog diamorphs* ('homofone' og 'homologe diamorfar') og difor er det ikkje alltid mogeleg å avgjera kor store delar av ein diskurs som går føre seg på det eine eller det andre språket (Hansen-Jaax 1995).

Samisk og norsk høyrer til to ulike språkfamiliar, og har ikkje på same viset som lågtysk og høgtysk, homofone og homologe diamorfar. Likevel kan det vera vanskeleg å avgjera når eit element frå norsk som S2 må oppfattast som ein integrert del av samisk som S1, og når det må oppfattast som eit innskot frå S2. Ein del ungar i ikkjeskolepliktig alder og på dei fyrste klassestega og ein del eldre kan ha vanskar med å uttrykke seg på norsk, men dei aller fleste som snakkar samisk i Noreg, snakkar også norsk og meistrar det norske foneminventaret. Dette gjer at fonar som ikkje er ein del av tradisjonell samisk, og som ikkje finst i samiske ord, kan førast inn saman med det lånte ordet dersom det lånte ordet har ein eller fleire slike fonar. Desse vokalfonema finst i nordsamisk: "/i e u o a á/" (Svonne 2009: 9), i ein fotnote seier han: "I denna text används en modifierad fonematisk skrift (som er anpassad nordsa-

5. Lågvarietet i språksamfunn der språka blir nytta diglossisk og har ikkje nokon ein-skapleg norm. (Mi oms.)

miskan), och följer inte i alla delar IPA (det internationella fonetiska alfabetet), t.ex. /a/ och /á/” (Svonni 2009: 9). Eit døme frå Sammallahti og Nickel (2005: 765) på eit ord med ein framand bokstav, er *överste* i tydinga ‘oberst’. Dette oppslagsordet har “S, R” i parentes, og dette tyder at ordet blir nytta i nordsamisk på svensk og finsk side. Eit anna ord som ofte blir uttala med [ø:], er ordet for ‘direktør’. På nordsamisk vil det kunna uttalast /direktø:ra/. Det normerte skriftspråket tillèt ikkje denne forma, men krev *direktevra*. Likevel vil nok mange nytte forma med [ø:] utan å oppfatte dette som eit norsk innskot i samisk. Ord som *skjønne* og *ønske* førekjem i samanhengar der samisk er det dominante språket i diskursen, og dei blir bøygde på same vis som ei gruppe samiske verb (samandregne verb) når dei blir nytta i samisk. Når desse orda blir nytta i samisk av språkbrukarar som meistrar både norsk og samisk, er stammevokalen [œ], jamvel om denne lyden ikkje er ein del av det tradisjonelle vokalinventaret i samisk. Tidlegare kunne ein høyre [e] for [œ] i t.d. *ønske*, men språkbrukarar som meistrar det norske foneminventaret, nyttar alltid [œ]. Samisk har ingen runda fremre tronge vokalar, korkje [ʷ] eller [ɣ], og [i] har vore nytta i lånord frå norsk der norsk har [ɣ], i ord som var lånt frå andre språk, t.d. *sihkkel* (‘sykkel’). Språkbrukarar som meistrar det norske foneminventaret, kan nytte [ɣ], og i den samisk-norske ordboka Kåven et al. (2000) er både *sihkkel* og *syhkkel* oppgitt. I Sammallahti (1989), den samisk-finske ordboka som Kåven et al. (2000) byggjer på, er berre *syhkkel* oppgitt. Svonni (2009: 9) seier at i tillegg til vokalfonema “/i/(..) /e/(...) /u/ .../o/(...) /a/ (...)/á/ (...) finns vokalen /y/ i nyare lånord som t.ex. **fysihkka** ‘fysik’”. Dette fonemet vil realisereast ulikt etter kva språk språkbrukaren meistrar i tillegg til samisk. I finsk representerer grafemet y eit fonem som blir uttala noko meir fremre enn det som er vanleg i norsk, og samisktalande med norsk som andre- eller fyrstespråk som meistrar det norske foneminventaret, vil som regel uttala y-en i *syhkkel* noko meir sentralt enn samisktalande som har finsk som andre- eller fyrstespråk⁶. Både Nickel (1994: 11) og Sammallahti og Nickel (2005: vii) nemner at bokstavane q, x, y, æ, ö, ø og å førekjem i framandord, Sammallahti og Nickel (2005: vii) nemner også

6. [ɣ] er definert som *runda, litt trongare enn halvtrong, midt mellom fremre og sentral* (Endresen 1988: 81). Den lyden i det norske talemålet i Finnmark som eg har symbolisert med [ɣ], er meir sentralt plassert, og kunne ha vore notert slik: [ɣ']. [ɣ] kunne så vore nytta for den lyden som finst i finsk. Eg har valt å *følge vanleg praksis i norsk språkforskning* (Endresen 1988: 81), og nyttar [ɣ] for den vokalen ein finn i norsk finnmarks-mål.

w. Ikkje alle desse bokstavane vil uttalast med fonem som ikkje tradisjonelt sett er ein del av det samiske foneminventaret, å vil t.d. uttalast [o], og vera ein måte å representere fonemet /o/ på i framandord. I samiske ord er dette fonemet alltid skriva med bokstaven o. Bokstavane y og ø/ö vil uttalast med fonar som ikkje tradisjonelt høyrer til i det samiske systemet. Ein av desse har Svonni valt å kalle eit fonem, den andre nemner han ikkje. Situasjonen i dag er altså at eit ord som blir lånt inn frå eit anna språk, mest truleg held på framand uttale av y og ø/ö, og språkbrukarane realiserer desse grafema ulikt alt etter kva språk dei meistarar i tillegg til samisk. Også når eit innlånt ord inneheld ein fonemstruktur som ikkje er mogeleg i tradisjonell nordsamisk, følgjer ofte denne framande fonemstrukturen ordet inn i samisk. Eit døme på dette kan vera ordet “tráktor” (Sammallahti og Nickel 2005: 702). Om eit ord som inneheld ein framand fon, er innlånt i samisk eller om det berre er eit tilfeldig innskot er altså ikkje heilt enkelt å avgjera. Språkbrukarane meistarar to fonemiske strukturar, og når eit ord blir innlånt i dag, er det ikkje alltid slik at ordet i alt og eitt blir tilpassa eit tradisjonell foneminventar og ein tradisjonell fonemstruktur.

4 Problemstilling og metode

Ut frå eigne observasjonar veit eg at mange nordsamisktalande med norsk som andrespråk kan nytte norske talord når dei snakkar nordsamisk. Eg har også observert at mange vekslar mellom norske og samiske talord. Anten det er snakk om kodeveksling eller transfer, er det sannsynleg at det finst årsaker til at språkbrukaren vekslar (sjå t.d. Aarsæther 2004). Kva årsaker kan ein tenkje seg til at språkbrukarane nyttar talord frå S₂ når det dominerande språket i diskursen er S₁? Thomason og Kaufman (1988: 74) set opp ein skala over kva drag ein kan rekne med blir lånte frå S₂ til S₁ alt etter kor mykje kontakt S₂-talarar har med S₁-talarar. Skalaen inneheld fem nivå: (1) *Casual contact* (‘sporadisk kontakt’), (2) *Slightly more intense contact* (‘litt meir intensiv kontakt’), (3) *More intense contact* (‘meir intensiv kontakt’), (4) *Strong cultural pressure* (‘sterkt kulturelt press’) og (5) *Very strong cultural pressure* (‘svært sterkt kulturelt press’). Talord er nemnde på nivå tre, og dei seier at det er meir sannsynleg at låge talord, som høyrer til det grunnleggjande ordforrådet, blir lånte inn på dette nivået enn på lågare nivå i skalaen. Dersom dette er forklaringa på at samiskspråklege nyttar norske tal når dei talar samisk,

kunne ein rekne med at det fyrst og fremst er dei låge talorda som blir nytta på norsk. I så fall må bruken av talord oppfattast som transfer og ikkje som kodeveksling.

Ein kan veksle språk på grunn av tema, stad og samtalepartnar. Stordahl (1996) seier at samisk ikkje vart snakka på offentlege stader i Kárášjohka⁷ på 1960-talet. Samisktalande som snakka saman i det offentlege rommet, valde å snakke norsk dersom andre kunne høyre. Samisktalande gjekk også over til å snakke norsk dersom norsktalande var til stades, også i tilfelle der norsktalande ikkje var direkte involverte i samtalen. I desse tilfella er val av språk medvite, og vekslinga skjer ut frå kva funksjon språket skal ha i kommunikasjonen. Også når ein tek til å snakke om emne ein er van til å snakke om på S₂, kan det tenkjast at ein går over til S₂ jamvel om det dominante språket i diskursen har vore S₁. Dette kan t.d. tenkjast dersom ein har fått fagopplæring på S₂.

Det har vore eit sentralt tema i diskusjonen om kodeveksling kva funksjon kodevekslinga har. Gumperz meiner at kodeveksling alltid har ein kontekstualiseringsfunksjon, og uttrykkjer språklege handlingar. Når kodeveksling har ein slik funksjon, må einingane vera store nok til å kunne gje uttrykk for dette, og han meiner at kodeveksling som regel finn stad mellom setningar (Gumperz 1964). I eit seinare arbeid skil han mellom kodeveksling som er situasjonelt betinga og kodeveksling som har med konversasjonsstrategiar å gjera (Gumperz 1982). Riehl (2009: 23) kallar dette *äußere(n) Faktoren* ('ytre faktorar') og *strategische(n) Gründe(n)* ('strategiske årsaker'). Den kodevekslinga Gumperz nemner, er medviten frå språkbrukaren si side og skjer fordi språkbrukaren tek omsyn anten til situasjonen eller kva han eller ho vil med konversasjonen. Kodeveksling kan også uttrykkje noko om språkleg identitet, og vera ein medviten måte å plassere seg i eit språkleg landskap på. I samtalar eg har hatt med folk i Guovdageaidnu om kodeveksling, har det vore hevda at ein del nyttar norske ord og vendingar for å syne at dei kjenner til norsk, og at dette kan vera eit uttrykk for eit ynske om å vise kunnskap. Dersom dette er rett, inneber det også at språkbrukaren som nyttar norske ord og vendingar, ynskjer å signalisere tilhøyrighet til S₂ i ein diskurs der S₁ er dominant.

Andre har nytta nemninga kodeveksling også om ei meir umedviten veksling mellom to språk som ikkje har same funksjon som den kode-

7. Offisiell norsk form er *Karasjok*. Eg nyttar nordsamisk form av stadnamnet (sjå fotnote 1).

vekslinga Gumperz skriv om (Riehl 2009: 27). Ei slik veksling kallar Clyne (1967) *psycholinguistically motivated Code-Switching* ('psykolingvistisk motivert kodeveksling'). Talord kan som andre determinativ stå "foran et (adjektiv +) substantiv" (Faarlund et al. 1997: 217). Talord kan også stå utan eit substantiv. Da er som oftast eit substantiv underforstått. Det å seia delar av eit setningsledd på eit anna språk enn det språket som er dominant i diskursen, kan ikkje ha same funksjon som det å ytre heile setningar på eit anna språk. Valet av norsk når ein skal seia eit talord når det dominante språk i diskursen er samisk, kan ikkje primært vera betinga av omsyn til samtalepartnar ettersom det ikkje er nokon grunn til å rekne med at samisktalande skal skjønna tal lettare på norsk enn på samisk. Det kan tenkjast at stad der kommunikasjonen går føre seg og tema (Riehl 2009: 23) har noko å seia for språkvalet når ein skal uttrykkje tal. Det kan også tenkjast at det er kognitive årsaker til val av språk og at ulike kognitive konsept kan uttrykkjast på ulike språk.

Ut frå observasjonar eg hadde gjort, og ut frå kjennskap til kodeveksling og transfer i andre språk har eg sett opp desse hypotesane om val av språk for å uttrykkje tal når det dominante språket i diskursen er samisk:

- 1) Bruken av norsk er ikkje tilfeldig.
- 2) Talord uttrykkjer ulike kognitive konsept, og norske talord blir nytta oftare til å uttrykkje visse konsept enn andre.
- 3) Val av språkform på talorda når det dominante språket i diskursen er nordsamisk, heng også saman med sosiale faktorar som kven ein snakkar med og kva emne ein snakkar om.

Ut frå dette formulerte eg denne problemstillinga: Kva kognitive og sosiale faktorar verkar inn på val av språkform på talord når det dominante språket er nordsamisk og språkbrukarane har norsk som andrespråk?

For å finne ut noko om dette, bestemte eg meg for å laga eit skjema med ein del setningar med talord. Setningane skulle vera døme på ulik bruk av talord, både ut frå eit kognitivt perspektiv og ut frå kva emne tala vart nytta i samband med. Eg laga eit framlegg til skjema med setningar eg sjølv konstruerte, som eg lét to kollegaer ved Sámi allaskuvla med samisk som fyrstespråk sjå på⁸, og ut frå kommentarane deira til kva som er brukande samisk og kva som ikkje er det, retta eg opp skje-

8. Eg har lært samisk i vaksen alder og har ikkje fyrstespråkskompetanse i språket.

maet. Eg lét så nokre studentar ved Sámi allaskuvla fylle ut skjemaet, og etterpå snakka eg med dei om kva dei meinte om skjemaet. Dei hadde nokre merknader til ting som kunne feiltolkast og til formuleringar som dei som skulle fylle ut skjemaet, ville kunna avvise av di dei er sjeldne og kan bli oppfatta som ubrukande av ein del. Eg lét også eit par ungdomsskoleelevar fylle ut eit utkast til skjemaet, og også dei reagerte på visse formuleringar som kjendest framande for dei. Eg drøfta så framlegga til endringar som var komne frå studentane og ungdomsskoleelevane, med ein kollega som har nordsamisk som fyrstespråk, og ut frå at han aksepterte alle endringane som eg hadde fått framlegg om, endra eg skjemaet. Det er viktig at ein freistar unngå all slik støy som kan få informantane til å reagere på noko anna enn det ein er ute etter å undersøkje. Dersom ein t.d. nyttar ei form som ikkje blir nytta, eller som blir nytta lite, i det området der ein samlar inn materialet, kan dette få informantane til å avvise setninga. Det same kan skje dersom ein nyttar ein uttrykksmåte som verkar gammaldags på informantane. Ved å la ulike grupper prøve skjemaet, reknar eg med at eg har unngått ein del slike moglege feilkjelder.

Ein kan heller ikkje vera sikker på at informantane svarar i tråd med det dei verkeleg meiner, eller om dei av ulike årsaker svarar annleis. Eg laga difor tre kolonnar i skjemaet, i den fyrste skal informantane svara på i kor stor grad dei oppfattar ei setning som akseptabel samisk. I neste kolonne skal dei så svara på kor ofte dei sjølve nyttar setninga, og i siste kolonne skal dei svara på kor ofte dei har høyrte andre med nordsamisk som morsmål nytte setninga. Eg rekna med at mange av informantane ville kunna avvise setningar som akseptable jamvel om dei gav opp at dei sjølve kunne nytte setningane. Eg gjekk også ut frå at informantane jamt over ville gje opp at dei hadde høyrte fleire setningar med norske talord enn dei sjølve ville gje opp at dei produserte. Ved å laga tre rangeringar av setningane etter kor akseptable informantane gjev opp at dei meiner setningane er, kor ofte informantane gjev opp at dei nyttar dei, og etter kor ofte dei gjev opp at dei har høyrte andre nytte dei, meinte eg at eg ville kunna sjå om svara i dei tre kolonnane står i så sterk kontrast til kvarandre at ein ikkje kan lite på resultata, eller om dei peikar i same lei. På det viset meinte eg at eg kunne sjå om svara var konsistente eller om informantane i stor grad hadde svara i hytt og vår.

Eg enda opp med 14 grunnsetningar. Setningane dekkjer ulike kognitive konsept og ulike sosiale emne. Omsetjingane i klammer er med

her av omsyn til lesarane av denne artikkelen. Dei samiske talorda er kursiverte.

- a) Mun lean *vihhtanuppelohká*i jagi. [Eg er 15 år]
- b) Girji máksá *guoktečuođivihhtalogi* ruvnnu. [Boka kostar 250 kroner.]
- c) Mis leat *vihhtalogiávcc*i sávzza návehis. [Vi har 58 sauer i fjøset.]
- d) Son lea riegádan *ovccinuppelotčuođiovccilogiguovttis*. [Han/ho er fødd 1992.]
- e) Otne lean sáhen *golbmaloginjeallje* soagi. [I dag har eg saga ned 34 bjørker.]
- f) Mus leat *golbmalogivihhta* vihttalotevrre lummas. [Eg har 35 femtiøringar i lomma.]
- g) Girdi vuolgá *vihhta* badjel *oktanuppelogis*. [Flyet går fem over elleve.]
- h) Girdi vuolgá *logis golbmalogivihhta*. [Flyet går 10.35.]
- i) Son bođii beal *guoktenuppelogis*. [Han/ho kom halv tolv.]
- j) Mus leat meastta *golbma* ruvnnu lummas. [Eg har nesten 3 kroner i lomma.]
- k) Skuvllas leat *guhhtalogičieža* dihtora. [Det er 67 datamaskinar på skulen.]
- l) Boađán geassemánu *gávccinuppelogát* beaivvi. [Eg kjem 19. juni.]
- m) Mus leat *čuođi* álddu. [Eg har 100 simler.]
- n) Dan jagi mii leat massán *vihhtaloginjeallje* heakka. [I år har vi mista 54 dyr.]

Skjemaet inneheld 70 setningar. I dei 14 setningane som er lista opp over (a-n), står, som ein ser, alle ord på samisk. Dei andre 56 setningane i skjemaet er variantar av desse 14 grunnsetningane der talet eller både tal og substantiv står på norsk eller der det førekjem alternative samiske uttrykksmåtar. 53 av desse 56 variantane har norske element. 3 variantar har alternative uttrykksmåtar på samisk. I tilfelle der talet har både siffer som syner einarar og siffer som syner tiarar, finst det to variantar på norsk. I 1951 vart det fastsett at tiarane skulle stå føre einarane i offisiell språkbruk, 'den nye teljemåten', t.d. *femtiátte*, og ikkje etter slik det hadde vore vanleg før da einarane kom før tiarane med eit 'og' mellom dei, 'den gamle teljemåten', t.d. *átte og femti* (Berulfsen 1970: 37). Ettersom begge desse teljemåtane er i bruk, valde eg å gje opp to variantar av setningar med slike tal, ein med gammal og ein med ny teljemåte. Ein del tal kan også få ulik

uttale, dette gjeld m.a. *sju/syv, tjue/tyve, tretti/tredve* (Berulfsen 1970: 37). Av slike tal har eg berre nytta 34 og 35, og eg har da nytta både former med *tretti* og former med *tredve* ettersom begge former er i bruk. I eit par høve er den samiske setninga ikkje i tråd med vanleg språkbruk. Eg valde likevel å ta med desse setningane, dels for å få likskap mellom norske og samiske døme på bruk av tal, og dels for å sjå om informantane gjorde skilnad på desse uakseptable setningane og dei setningane dei eg hadde søkt råd hos, reknar som akseptable. Dersom mange av informantane ikkje markerte desse setningane som uakseptable, ville dette vera eit teikn på at dei ikkje svara etter kva dei verkeleg meiner om setningane.

Det hadde vore ynskjeleg å ha fleire døme på dei konseptane og dei sosiale emna eg har valt, ettersom dette ville ført til at resultatane ville blitt meir pålitande. Eg har likevel valt å ende opp med 70 setningar av di eg trur det er ei grense for kor mange setningar informantane orkar å ta stilling til. At denne grensa går akkurat ved 70, er vel lite truleg, men i samråd med dei studentane som prøvde ut skjemaet, fann eg at eit skjema med fleire setningar lett ville kunne få informantane til å miste interessa. Skjemaet slik det vart, kunne dei fleste informantane fylle ut på 45 minuttar, og vi vurderte det til å vera nok. Ein konsekvens av dette er at dei utfylte skjema meir kan tene til å setja opp hypotesar for vidare forskning enn gje fullgode svar på dei problemstillingane eg har formulert.

Den delen av skjemaet som står over setningane og gjev informasjon om kva svaralternativ informantane har, ser slik ut:

Tabell 1: Svaralternativ⁹

Setning	Setninga er akseptabel.			Eg kunne ha uttrykt meg slik.			Eg har høyrte andre med samisk som morsmål nytte slike setningar.			
	Heilt	Kan vera	Absolutt ikkje	Sjølvsagt	Kanskje	Absolutt ikkje	Alltid	Ofte	Nokre gonger	Aldri

Skjema som vart leverte til informantane, har som nemnt all tekst på samisk unntatt norske element i dømesetningane.

Eg fekk løyve av Guovdageainnu nuoráidskuvla / Kautokeino ungdomsskole ved rektor Ellen J. Eira til å la ein del elevar i ungdomsskolen fylle ut skjemaet. Lærarane som underviste i dei klassane der eg gjen-

9. Mi omsetjing.

nomførte undersøkinga, var svært velviljuge og interesserte i undersøkinga, og eg hadde fleire fine samtalar med dei om prosjektet og om bruk av norsk i samisk. Eg informerte elevane og dei føresette om prosjektet, og fekk løyve av dei føresette til 34 elevar, og frå desse elevane sjølve. 3 av elevane vart ikkje ferdige, og hadde ikkje lyst til å arbeide lenger med skjemaet, og desse svara har eg tatt vekk. Eg har også tatt vekk 3 svar der så godt som alle døma hadde fått kryss i same kolonne. Eg sat så att med 28 svar frå ungdomsskoleelevar, som er ein del av analysen. Den andre informantgruppa er 14 vaksne som eg bad om å vera med på undersøkinga. Eg hadde spurt 4 personar til, 2 av dei ville ikkje vera med, og 2 levte ikkje skjemaet. Ingen av skjema som dei vaksne informantane fylte ut, er fylte ut slik at eg har sett nokon grunn til å fjerne dei. Målet med undersøkinga har vore å finne ut noko om korleis språkbrukarane kategoriserer, ikkje å samanlikne ulike grupper.

For å finne ut noko om kva i språkbrukssituasjonen som kan fremja val av norske tal når samisk er det dominante målet i diskursen, snakka eg med 6 butikktilsette om korleis dei oppfattar sin eigen språkbruk. Eg valde butikktilsette av di dei ofte nyttar tal i arbeidet sitt.

5 Presentasjon av materialet

Av moglege avkryssingar er den til venstre i kvar av dei 3 hovudkolonnane den som fortel mest om kva språkbrukaren ikkje aksepterer eller ikkje har høyrte (desse svaralternativa uttrykkjer “Setninga er ikkje akseptabel”, “Eg kunne absolutt ikkje uttrykkje meg slik” og “Eg har aldri høyrte andre med samisk som morsmål nytte slike setningar”).

I skjemaet finst det som nemnt 70 setningar, av desse 14 grunnsetningar *utan* norske element, 53 variantar av desse 14 setningane *med* norske element og 3 setningar med alternative seiemåtar på samisk. I 11 av dei 53 setningane med norske element er det like mange avvisingar av setninga i kolonne 1 som i kolonne 2. I 4 setningar er det fleire avvisingar i kolonne 2 enn i kolonne 1, i 1 av tilfella 8 fleire avvisingar, i dei 3 andre 2 i kvart tilfelle. I 38 av dei 53 tilfella er det fleire avvisingar i kolonne 1 enn i kolonne 2. For 51 av dei 53 setningane er det færrest avvisingar i kolonne 3.

Hovudmønsteret i svara er såleis at dei fleste er strengare i synet på kva som er akseptable samiske setningar enn dei er i sin eigen språkbruk, og at dei fleste meiner å ha høyrte meir bruk av norske element hos andre

enn hos seg sjølve. Ingen av setningane med norske element hamnar svært høgt oppe i éin av kolonnane og svært lågt i ein annan kolonne, og eg oppfattar dette som eit teikn på at informantane jamt over har kryssa av slik dei meiner det er i røynda. For oversikta si skuld gjev eg derfor berre opp tala informantane gjev opp for eigen språkbruk.

Informantane gjev opp at dei nyttar gammal teljemåte mykje sjeldnare enn ny teljemåte dersom dei nyttar norske tal. Eg har difor berre rekna med setningar som har døme med ny teljemåte. Det er også ein gjennomgåande tendens at substantivet etter eit norsk talord kjem på norsk. Substantiv på samisk etter eit norsk talord ser ut til å bli nytta sjeldan, og derfor har eg sjalta ut også dei setningane der dette førekjem. Da blir det att 26 setningar med norske tal av dei opphavlege 53. Avkryssingane på dei 27 utsorterte setningane gjev ingen annan informasjon enn på dei 26 attståande. Av omsyn til lesaren presenterer eg derfor berre desse 26 setningane og legg dei til grunn for drøftinga vidare.

Tabell 3: 26 setningar med norske tal som blir nytta i presentasjonen (eigenrapportering)

Rangering	Setningar	Tal på avkryssingar for svaralternativet <i>Eg kunne absolutt ikkje ha uttrykt meg slik</i> i kolonne 2:
1a.	<i>Son lea riegdán nittenáittito</i> Ho/han er fødd ...	10
1b.	<i>Girdi vuolgá fem over halv elleve.</i> Flyet går	10
3.	<i>Son bođti halv tolv.</i> Ho/han kom	12
4.	<i>Boadán femtende juni.</i> Eg kjem ...	13
5.	<i>Girji máksá to hundre og femti kroner.</i> Boka kostar ...	14
6.	<i>Girji máksá to hundre og femti krona.</i> Boka kostar ...	16
7a.	<i>Girdi vuolgá ti trettifem.</i> Flyet går	19
7b.	<i>Boadán femtende junimánu.</i> Eg kjem ... -månad.	19
9.	<i>Mus leat trettifem femtiøringa lummas.</i> Eg har ... i lomma.	21
10a.	<i>Mun lean femten år.</i> Eg er ...	22
10b.	<i>Mus leat trettifem femtiøringar lummas.</i> Eg har ... i lomma.	22
12.	<i>Skuvillas leat sekstisju pca.</i> På skulen er det ...	24
13.	<i>Mus leat meastta tre kroner lummas.</i> Eg har nesten ... i lomma.	25
14.	<i>Mus leat meastta tre krona lummas.</i> Eg har nesten ... i lomma.	26
15.	<i>Dan jagi mii leat massán femtifire dyr.</i> I år har vi mista	28
16a.	<i>Dal leat mannan to tusen og elleve jagi Jesusa riegdáeami rájjs.</i> No har det gått ... år etter Jesu fødsel.	30

16b.	<i>Dal leat mamman to tusen og elleve år etter Jesu fødsel. No har det gått ...</i>	30
18a.	<i>Orne lean čuohppan trettitre bjørketær I dag har eg sagt ned ...</i>	32
18b.	<i>Dal leat mamman to tusen og elleve år Jesusa riegdádeami rájis. No har det gått ... etter Jesu fødsel.</i>	32
20a.	<i>Mus leat hundre simler. Eg har ...</i>	34
20b.	<i>Skuvillas leat sekstisju pcer. På skulen er det ...</i>	34
22.	<i>Mus leat hundre simla. Eg har ...</i>	37
23a.	<i>Mis leat femtiátte sauá návebis. Vi har ... i fjøset.</i>	38
23b.	<i>Mis leat femtiátte sauer návebis. Vi har ... i fjøset.</i>	38
25a.	<i>Orne lean čuohppan trettitre bjørka. I dag har eg sagt ned ...</i>	39
25b.	<i>Orne lean čuohppan trettitre bjørker. I dag har eg sagt ned ...</i>	39

Tabellen syner kor mange informantar som gjev opp at dei ikkje nyttar slike setningar. Talorda står på norsk i dei samiske setningane og er kursiverte og sette i feitt. Tala er ikkje skrivne inn i dei norske setningane. I dei tilfella der fleire setningar har like mange avvisingar, har eg gjeve dei same nummer og føydd til ein bokstav etter talet for å kunne syne til dei på eit eintydig vis. Bokstavane tener ikkje til rangering.

I dei 15 setningane (11–25a) som flest informantar seier at dei kan nytte norske talord i, blir talordet nytta til å gje opp mengd. I setningane 5 og 6 og 10 blir talorda nytta til å gje opp mål. I 1a, 1b, 3, 7a og 7b blir talorda nytta til utpeiking.

	Kva talet uttrykkjer	
Setningsnummer	Område	Konseptuelt domene
1a,1b,3,4	Datoar og klokkeslett	Utpeiking
5,6	Pris	Mål i eigenleg forstand
7a,7b	Klokkeslett og dato	Utpeiking
9	Oppgjeving av mengd	Kvantifisering
10a	Alder	Mål i eigenleg forstand
10b–25b	Oppgjeving av mengd	Tal

Tabell 4: Konseptuelle domene i dei ulike setningane

I setningane 9 og 10b–25a blir talorda nytta til å gje opp mengder innanfor ulike samfunnsdomene. Dei domena som er representerte, er rein-

drift (20a, 22), landbruk (15, 23a, 23b), utmark (18a, 25a, 25b), fastsette verdieiningar (kan delast i underdomena pengar og tid) (9, 10b, 13, 14, 16a, 16b, 18b) og data (12).

6 Intervju med butikktilsette

Det ser altså ut til at summar svært ofte blir sagde på norsk også når samisk er det dominante språket i diskursen. Butikktilsette nyttar svært ofte tal av di dei skal fortelja kva varer kostar og seia kva kunden skal ha att av pengar. Eg har snakka med 6 butikktilsette i Guovdageaidnu om bruk av talord når dei arbeider i kassa. Emne for samtalene var om dei tenkjer over kva språk dei seier talorda på, om dei varierer mellom å seia talorda på norsk og samisk, og om det i så fall er skilnad på kven dei seier talorda på norsk og kven dei seier talorda på samisk til. Vi snakka også om det er slik at visse tal kjem lettare på det eine eller det andre språket. Eg spurde også om dei hadde meiningar om ein bør seia talorda på det eine eller det andre språket, korleis dei meiner dei burde uttrykkje talorda. Det ser ut til at desse informantane kan delast i 2 grupper. Begge gruppene nyttar norsk dersom dei ikkje veit kva språk kunden nyttar. Dersom dei veit at kunden nyttar samisk, snakkar alle informantane samisk med kunden, men dei har ulike strategiar når det gjeld tal. 4 av informantane seier dei som oftast seier tala på norsk, og at dei ikkje har tenkt over kvifor dei gjer det. Dei seier at det fell lettare for dei å seia summane på norsk enn på samisk. Dei seier alle at det hender at dei seier summane på samisk. Dersom desse 4 tilsette skal nytte samisk når dei seier summane, ser det ut til at det må skje eit eller anna som gjer dei medvitne om at kunden kanskje ikkje skjønar norske tal. I slike tilfelle kan samiske tal aktiverast. Dette skjer når kunden gjev uttrykk for at han eller ho ikkje har forstått det talet som vart sagt og dersom kunden høyrer til ei gruppe dei tilsette meiner kan skjønna samiske tal lettare. Dette gjeld eldre folk, ungar i førskulealder og personar frå finsk side av Sápmi. Når tala ikkje blir nytta til å uttrykkje summar, kan dei like gjerne nytte samiske som norske tal. Dei 2 andre informantane seier at dei så godt som alltid nyttar samiske tal når det dominante språket i diskursen er samisk, også når dei nemner summar. Desse 2 seier at dei har valt å seia tala på samisk, og at dei er medvitne om at mange nyttar norske tal. Mine observasjonar av dei 6 tilsette i situasjonar med kundar, stemmer med det dei sjølve gjev opp.

7 Drøfting

Ut frå Langackers definisjon av 'domene' har eg sett opp ein del domene der talord kan nyttast. Eg har sett opp tre kognitive domene og fem samfunnsdomene. Dei tre kognitive domena er tre av dei domena som Wiese 1997 set opp, kvantifisering av mengder (numerisk fastsetting), måling i eigenleg forstand og utpeiking. Dei fem samfunnsdomena er reindrift, landbruk, utmark, oppgjeving av verdi (tid, pengar) og data. Desse fem domena er ikkje på same nivå, men er likevel område som det er grunn til å tru blir oppfatta som einingar av språkbrukarane. Bruk av tal kan tene ulike domene samstundes

Wiese forklarar at det å gje opp verdien av ein gjenstand med hjelp av pengeverdiar er ei form for eigenleg måling, slik:

Mithilfe von Währungen wird der Wert eines Objekts angegeben: Die Anzahl der zugeordneten Währungseinheiten verweist auf den Wert (üblicherweise der Handelswert oder die Kosten) des gemessenen Objekts. Die Messung mithilfe von Währung ist damit eine Form der direkten Messung i. e. S. ¹⁰ (Wiese 1997: 117).

Døme på dette finst i setningane *Girji máksá to hundre og femti kroner* ('Boka kostar 250 kroner') og *Girji máksá to hundre og femti krona*. Einaste skilnaden mellom desse to setningane er at mynteininga er oppgjeven på 2 varietetar av norsk (*kroner* og *krona*)

Wiese reknar også måling av tid som måling i eigenleg forstand:

Ebenso wie die Messung mithilfe von Währungseinheiten ist auch die Zeitmessung eine spezielle Art der direkten Messung i. e. S. Die gemessene Eigenschaft ist hier die Dauer, diese wird als extensive Eigenschaft von Ereignissen aufgefaßt. (...) Indem hierbei kontinuierlich aufeinander Vorgänge gewählt werden, die von gleicher, konstanter Dauer sind, erscheint die Dauer des Meßobjekts als meßbare Eigenschaft. ¹¹ (Wiese 1997: 118)

10. Verdien av eit objekt blir oppgjeven med hjelp av mynteiningar: Talet av dei tilordna mynteiningane viser til verdien (til vanleg handelsverdien eller kostnader) av det målte objektet. Måling med hjelp av mynteiningar er såleis ei form for direkte måling i eigenleg forstand. (Mi oms.)
11. På same viset som måling med hjelp av mynteiningar er også måling av tid ei særskild form for direkte måling i eigenleg forstand. Den målte eigenskapen er her varigskaa-

Alder på ein person eller ein gjenstand kan gjevast opp med einingar som har fastsette verdiar som ‘år’, ‘veke’, ‘månad’, og eit slikt døme på eigenleg måling finst i *Mun lean femten år* (‘Eg er 15 år’).

I desse to tilfella er eigenleg måling eitt av domena. I nominalfrasar der numerisk kvantifisering er eitt av domena, er det ikkje nemnande skilnad mellom kor mange som gjev opp at dei nyttar talet på norsk saman med substantivet på norsk og kor mange som gjev opp at dei nyttar talet på norsk saman med substantivet på samisk. I fleire tilfelle er det fleire som gjev opp at dei kan nytte substantivet på samisk enn på norsk i nominalfrasar der eitt av domena er numerisk kvantifisering, men skilnaden er aldri større enn 4 informantar. Dette kan tyde på at tal og substantivet det kvantifiserer, blir oppfatta som ei eining i eigenleg måling og at det ikkje er talet i seg sjølv som er lånt frå norsk, men heile nominalfrasen som syner verdien. Ordet *år* førekjem i 3 av dømesetningane, *Mun lean femten år* (‘Eg er 15 år’), *Dal leat mannan to tusen og elleve år etter Jesu fødsel* (‘No er det gått 2011 år etter Jesu fødsel’) og *Dal leat mannan to tusen og elleve år Jesusa riegådeami rájjs*. I dei 2 siste setningane er numerisk kvantifisering og ikkje eigenleg måling eitt av domena ettersom det ikkje er snakk om å måle eit tidsrom eller fortelja kor lenge noko har vart, men å uttrykkje kor mange like einingar som har gjentatt seg etter ei viss handling. I dette dømet gjev like mange informantar opp at dei kan nytte ei slik setning med substantivet på samisk (*jagŋi*) og på norsk (‘år’).

I alle dei 4 døma som har færrest avkryssingar for svaret *In goassege* (‘Aldri’) under *Mun dajašin nu* (‘Eg kunne uttrykt meg slik’), står talordet i ei utpeiking. I dei to neste er eitt av domena eigenleg måling. I neste setning kjem så det fyrste dømet på numerisk kvantifisering. I neste setning, *Mun lean femten år* (‘Eg er 15 år’), er eitt av domena eigenleg måling. Av setningane med numerisk kvantifisering som eitt domene, kjem dei som har pengeverdi som eit anna domene fyrst. Etter det kjem den eine setninga i materialet som har data som eit anna domene. Dei setningane der talordet har reindrift, utmarksnæring og landbruk som eitt av domena i tillegg til numerisk kvantifisering, har færre avkryssingar for *In goassege* enn dei der pengeverdi og data er eitt av domena. Mellom den setninga

pen, som blir oppfatta som ein ekstensiv eigenskap ved hendingar. (...) Ved at det her blir valt hendingar som følgjer kontinuerleg etter kvarandre, opptrer varigskapen til målingsobjektet som ein målbar eigenskap. (Mi oms.)

der pengeverdi er eitt av domena ved sida av numerisk kvantifisering med færrest avkryssingar for *In goassege* og den setninga der ei av primærnæringsdomena er eitt av domena i tillegg til numerisk kvantifisering med færrest avkryssingar for *In goassege*, er det ein skilnad på 7 avkryssingar (21 mot 28). Av dei samfunnsdomena eg reknar med, ser oppgjeving av verdi og data ut til å fremja bruk av norske talord i noko sterkare grad enn dei tre primærnæringsdomena. Warnke og Schmidt-Brücken (2012) tek opp korleis språket kan fungere som eit verktøy til å forme den oppfatninga vi har av røyndomen. Dei hevdar at “Sprache ist keine neutrale Größe, sondern hat als wirklichkeits- und wissenschaftskonstituierendes Werkzeug der Kommunikation Teil an kolonialen Projekten.”¹² Dersom språket ikkje er ein nøytral storleik, er det heller ikkje slik at språket er ei objektiv spegling av røyndomen. Visse fenomen i samiske samfunn er nært knytte til eit tradisjonelt livsmønster, medan andre er fenomen som har komme inn i samfunna seinare. I materialet er det slik at det er færre avkryssingar for *In goassege* der talorda kvantifiserer noko som har tilknytning til tradisjonelle næringer enn når talorda kvantifiserer fenomen som er nyare. Ein kan tenkje seg at språkbrukarane her nyttar språket for å skilja mellom ulike fenomen, og syne gjennom språket at noko er knytt til det tradisjonelle samfunnet, og at noko er innført. Dette treng ikkje vera ei medviten handling hos den einskilde språkbrukaren. Dei fenomen som er knytte til innførte fenomen som ofte blir oppfatta som ein del av fornorskinga, ser ut til å kunna kvantifiserast med hjelp av norske talord oftare enn fenomen som er knytte til tradisjonelle næringer.

Når eg har spurt personar med samisk som fyrstespråk om kva som ser ut til å fremja valet av norske talord, har mange av dei eg har spurt, svara at dei meiner store tal oftare blir ytra på norsk når det dominante språket i diskursen er samisk. I materialet førekjem berre eitt tal under 12. I setninga *Mus leat meastta golbma ruvnnu lummas* (‘Eg har nesten 3 kroner i lomma’) er ‘3’ nytta for å kvantifisere pengar. I setninga *Mus leat golbmalogivihhta vihhtalotevre lummas* (‘Eg har 35 50-øringar i lomma’) er talet ‘35’ nytta for å kvantifisere pengar. Det er 4 fleire avkryssingar for *In goassege* for setninga *Mus leat trettifem femtiøringa lummas* (Eg har 35 50-øringar i lomma) enn for setninga *Mus leat meastta tre kroner lummas* (Eg har nesten 3 kroner i lomma). Denne skilnaden er ikkje stor, men

12. Språk ikkje er ein nøytral storleik, men er ein del av koloniale prosjekt gjennom å vera eit røyndoms- og vitskapskonstituerande verky for kommunikasjonen. (Mi oms.)

kan kanskje oppfattast som eit teikn på at større tal lettare blir sagde på norsk. I setninga *Dal leat mannan to tusen og elleve jagi Jesusa riegeádeami rájis* ('No har det gått 2011 år etter Jesu fødsel') er talet mykje høgare enn i dei to fyrstnemnde setningane der tala er '3' og '35'. Denne setninga har fleire avkryssingar enn begge dei to andre setningane for *In goassege*, og det kan tyde på at skilnaden mellom store og små tal ikkje er avgjerande for val av språk for å uttrykkje talet. I dei 2 setningane der eit av domena til talordet er pengetilknytt, førekjem etter det informantane gjev opp, eit norsk tal oftare enn i setninga der talet kvantifiserer år. Dette kan tyde på at det er viktigare kva samfunnsdomene tala er knytte til, enn om dei er små eller store.

8 Avslutning

Det ser ut frå dette materialet ut som valet mellom norske og samiske talord heng saman med kva domene som definerer innhaldet til talordet. I prioritert rekkjefølgje ser det ut til at desse domena kan fremja val av norske talord:

- 1) Talordet fungerer som ei utpeiking av eit spesielt element, og er ein del av ei nemning,
- 2) Talordet tener til å måle eit element og står som fyrstelekken i ein nominalfrase der andrelekken viser til det elementet som blir målt.
- 3) Norske tal blir lettare nytta om element frå visse samfunnsområde enn andre.

1) og 2) er sterkare underbygde i materialet enn 3). Samtalane med butikktilsette gjev også grunn til å tru at samtalepartnar og storleik på talet verkar inn, men dette er det uråd å seia noko meir om ut frå dei skjemma informantane har fylt ut.

Det ser altså ut til å vera skilnad på i kva grad norske talord blir nytta når det dominante språket i diskursen er samisk. I nemningar på datoar, klokkeslett og i målingar ser bruk av norske talord til å vera ein relativt etablert uttrykksmåte, og det ligg nær å oppfatte denne bruken som lån av norske seiemåtar. Her vekslar språkbrukarane mellom to ulike språk på ein måte som kan føreseiast og som har ein klar funksjon når det gjeld å signalisere visse kognitive konsept. Jamvel om bruken kan føreseiast, førekjem det sjølv sagt også ofte at desse uttrykka blir ytra på samisk. Tal-

orda førekjem ikkje med morfologisk eller fonetisk tilpassing, men som nemnt tidlegare er det ikkje uvanleg at slik tilpassing manglar ved lån når språkbrukarane meistrar begge språka svært godt. Ved numerisk kvantifisering ser det ut frå det materialet eg har samla inn, som bruken av norske talord er meir sporadisk og ikkje så lett å føreseia. Likevel er det slik at val av norske talord ser ut til å vera mogeleg for ein del språkbrukarar også ved numerisk kvantifisering. Slik bruk av norske talord når det dominante språket er samisk, kan oppfattast som kodeveksling.

Empirien for denne artikkelen er i all hovudsak henta inn med hjelp av skjema. I vidare forskning om bruk av talord bør ein undersøkje autentisk språkbruk. I visse situasjonar er tal meir nytta. Dette gjeld særleg i situasjonar der ein snakkar om summar slik tilfellet er i butikkassar og ved rekneskapsavdelingar i ulike verksemdar. Slike situasjonar kan systematisk observerast dersom ein får løyve til det av dei som er involverte. I slike situasjonar er tal spesielt mykje nytta i måling. Det kan vera vanskelegare å finne situasjonar med mange døme på bruk av tal når det gjeld andre domene. Det finst ein del offentleg tilgjengeleg materiale i intervju i NRK–Sápmi og nærradioar som kan nyttast.

I denne artikkelen har eg ikkje gått inn på om det er skilnad i bruken av norske talord i ulike sosiale grupper når det dominante språket i diskursen er samisk. For å finne ut noko om dette kunne ein laga eit nytt skjema med utgangspunkt i det skjemaet eg har utarbeidd der ein har fleire døme frå kvart domene. Med fleire informantar som ein vel ut for å få eit representativt utval frå ulike grupper, kunne ein få informasjon om bruken er ulik i ulike grupper.

Litteratur

- Berulfsen, Bjarne. 1970. *Norwegian Grammar*. Oslo: Aschehoug.
- Dannemark, Nils I.S. 2010. *Variasjon og mønster. Drag ved det norske talemålet til ein del barn i Guovdageaidnu*. Avhandling (ph.d.). [Tromsø]: Universitetet i Tromsø, Fakultet for humaniora, Samfunnsvitenskap og lærerutdanning, Institutt for språkvitenskap.
- Dannemark, Nils og Yngve Johansen. 2001. Ungdomsskoleelever og språkvalg i Finnmark i 1982/83 og 1998/99. *Maal og Minne* 2001/1: 41–63.
- Endresen, Rolf Theil. 1988. *Fonetikk. Ei elementær innføring*. Oslo: Universitetsforlaget.

- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Golden, Anne, Kirsti Mac Donald og Else Ryen. 1988. *Norsk som fremmedspråk. Grammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gumperz, John J. 1964. Hindi-Punjabi code-switching in Delhi. Horace G. Lunt (red.): *Proceedings of the Ninth International Congress of Linguists*, s. 115–124, Boston, MA. Haag: Mouton.
- . 1982. *Discourse Strategies*. Cambridge: CUP.
- Hansen-Jaax, Dörte. 1995. *Transfer bei Diglossie. Synchroner Sprachkontaktphänomene im Niederdeutschen*. Hamburg: Verlag Dr. Kovač.
- Haugen, Einar. 1956. *Bilingualism in the Americas. A Bibliography and Research Guide*. Alabama: University of Alabama Press.
- Helander, Nils Øivind. 1997. State Languages as a Challenge to Ethnicity in the Sami Land. *Northern Minority Languages. Problems of Survival*, s. 147–159. Senri Ethnological Studies no. 44. Osaka: National Museum of Ethnology.
- Meyer, Gustav Fredrich. 1921. *Unsere plattdeutsche Muttersprache*. Garding: H. Luhr und Dircks.
- Nielsen, Konrad. 1926. *Lærebok i lappisk*. 1. bandet. Oslo: I kommisjon: Brøgger.
- Riehl, Claudia Maria. 2009. *Sprachkontaktforschung*. 2., omarbeidde utg. Tübingen: Gunter Narr.
- Sammallahti, Pekka. 1989. *Sámi-suoma sátnegirji*. Vasa: Vaasa oy.
- Sammallahti, Pekka og Klaus Peter Nickel. 2005. *Sámi-duiskka sátnegirji / Saamisch-deutsches Wörterbuch*. Kárášjohka: Davvi Girji os.
- Sollid, Hilde. 2005. *Språkdannelse og -stabilisering i møtet mellom kvensk og norsk*. Oslo: Novus.
- Stordahl, Vigdis. 1996. *Same i den moderne verden*. Kárášjohka: Davvi Girji o.s.
- Svonni, Mikael. 2009. *Samisk grammatik*. Tromsø: Universitetet i Tromsø.
- Thomason, Sarah Grey og Terrence Kaufman. 1988. *Language Contact, Creolization and Genetic Linguistics*. Berkeley: University of California Press.
- Vinje, Finn-Erik. 1970. *Kompendium i grammatisk analyse*. Oslo, Bergen, Tromsø: Universitetsforlaget.
- Warnke, Ingo H. og Daniel Schmidt-Brücken. 2012. Was zählt im Kolonialdiskurs? Numeralia und Numeralität in kolonialen Grammati-

- ken. Stefan Engelberg og Doris Stolberg (red.): *Sprachwissenschaft und kolonialzeitlicher Sprachkontakt*, s. 191–213. Berlin: Akademie Verlag.
- Wiese, Heike. 1997. *Zahl und Numerale. Eine Untersuchung zur Korrelation konzeptueller und sprachlicher Strukturen*. Berlin: Akademie Verlag.
- Aarsæther, Finn. 2004. *To språk i en tekst. Kodeveksling i samtaler mellom pakistansk-norske tiåringer*. [Oslo]: Universitetet i Oslo, Det historisk-filosofiske fakultetet, Institutt for lingvistiske fag.

Abstract in English

This article examines the use of numerals in Norwegian in discourses with Northern Sámi as the dominant language. All informants live in Guovdageaidnu, a municipality in Norway with a Northern Sámi speaking majority, and they are all L1-speakers of Northern Sámi. The analysed material has been collected through an inquiry form with sentences containing numerals. Every sentence is presented with the numeral in Sámi as well as in Norwegian. The informants have then ticked off in what degree they find the given sentences and similar sentences acceptable, how often they utter such sentences themselves, and how often they have heard others uttering such sentences. There is a difference between how acceptable these sentences are judged, and this difference is discussed within a cognitive framework with emphasis on Langacker's notion 'domain'. The use of numerals in Norwegian differs evidently according to what domain the numeral is connected with.

Nils Dannemark
Sámi allaskuvla / Samisk høgskole
Avdeling for språk og litteratur
Hánnoluohkká 45
NO-9520 Guovdageaidnu/Kautokeino
nils.dannemark@samiskhs.no